

PLANFORSKRIFT M/ TILHØYRANDE GEBYRSATSAR - 2018

| 1 | GRUNNGEBYR (PBL kap. 12) | |
|---|--|------|
| | Ved varsel om oppstart av planarbeid skal det betalast eit grunngebyr. Dette gjeld også ved reguleringsendring. Gebyret må må vere betalt før saka vert teken opp til administrativ handsaming: | 3890 |
| 2 | AREALGEBYR FOR REGULERINGSPLANAR | |
| | I tillegg til grunngebyret skal det betalast eit arealgebyr for framlegg til reguleringsplan etter det samla arealet planen omfattar. Arealbruksområde knytt til allmenne interesser, som til dømes spesialområde naturvern, friluftsliv og friområde kan trekkjast frå utrekningsgrunnlaget. Unntak kan også gjerast etter ei særskild vurdering der kommunen ut frå planfaglege eller andre offentlege omsyn gjev pålegg om å utvide planområdet. Det vert ikkje kravd arealgebyr for mindre endringar i reguleringsplan (pbl § 12-14) Arealgebyret skal betalast etter utlegging til offentlig ettersyn, og før planen vert kunngjort. Dersom planutvalet avviser planen skal det ikkje betalast arealgebyr, med mindre søkjar krev planen lagd fram for kommunestyret. | |
| | 2.1 REGULERINGSPLANAR (Kap. 12) For kvart påbegynt dekar som planen omfattar skal det betalast arealgebyr. Dette gjeld også ved reguleringsendring. Dersom berre reguleringsføresegnene skal endrast, skal det ikkje betalast arealgebyr : | 1940 |
| | 2.2 PLANAR FOR STØRRE UTBYGGINGSOMRÅDE For reguleringsplanar i hytteområde, eller andre utbyggingsområde med låg utnyttingsgrad, skal det betalast eit arealgebyr tilsvarande 25% av grunngebyret for kvar ny hytte/ bygning planen omfattar. | |
| 3 | GENERELLE UTGREIINGSKRAV (PBL kap. 4) | |
| | Tiltakshavar må koste granskningar som følgje av generelle utgreiingskrav etter plan- og bygningslova, og evt. andre særskilde utgreiingar som måtte verte pålagt som følgje av tiltaket eller planen sitt omfang. | |
| | Planprogram: | 1280 |
| | Konsekvensutgreiing: | 2500 |

| 4 KONSEKVENSGREIING FOR TILTAK OG PLANAR ETTER ANNA LOVVERK (PBL kap. 14) | |
|---|---|
| | I saker der det etter pbl kap. 14 er sett krav om utgreiingsprogram/ konsekvensutgreiing, og kommunen er avgjerdsrett, skal det betalast etter medgått tid og utgifter. Dette kan m.a. gjelde kulturminnelova (t.d. arkeologiske granskingar), verneplanar etter naturvernlova/ naturmangfaldslova m.fl. Minstegebyr : |
| | 9830 |
| 5 DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL | |
| | Plan- og bygningslova § 19 : |
| | 3480 |
| 6 GENERELT | |
| | Gebyr skal betalast etter gjeldande satsar på det tidspunkt fakturering er aktuelt. Gebyr kan ikkje krevjast tilbake sjølv om det vert gjeve avslag på søknaden. Alle plantypar og planendringar skal ved overlevering til kommunen føreliggje i digital form, der kartdata skal leverast på SOSI-format, versjon 4.5 eller nyare. I tillegg skal det vere utført godkjent SOSI-kontroll. Planen (1 eks.) skal også leverast på papirformat. Reguleringsplan skal utarbeidast av fagkunnige personar, i samsvar med PBL § 12-3. |
| | Arbeid med framstilling av planar og føresegner som ikkje vert levert i format som nemnt over skal betalast - etter medgått tid. Betaling for dette arbeidet kjem i tillegg til grunngjebyr og arealgebyr. |
| | Timesats for arbeid som ikkje er nedfelt i gebyrregulativet : |
| | 780 |
| 6.1 | Avhengig av tidspunkt saka vert avbroten, skal gebyret avreknast som del av fullt gebyr. Rådmannen har fullmakt til å fastsetje gebyret. |
| 6.2 | BETALINGSTIDSPUNKT Med unnatak av det som står under pkt. 1 skal det kommunale plangebyret betalast av søker/ tiltakshavar når planen vert teken opp til endeleg avgjerd i kommunestyret. Gebyret skal reknast ut etter dei satsar som galt då kommunen tok imot søknaden/ planen. Betalinga skal skje til kommunekasseraren i Hornindal - etter rekning. |
| 6.3 | REGULERING AV GEBYR Gebyrregulativet skal regulerast kvart år etter den %-sats kommunestyret fastset, med verknad frå 01.01. året etter. Alle satsar skal avrundast oppover til næraste 10 kroner. |
| 6.5 | MEIRVERDIGAVGIFT Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på plangebyret. |
| 6.6 | KLAGE PÅ GEBYR Det kan ikkje klagast på gebyr fastsett etter reglane i denne forskrift. Kommunal avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr er enkeltvedtak, og kan klagast på etter reglane i forvaltingslova. |